



Harris Advokatfirma As Avd Bergen
Marianne Aadland Sandvik
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1203 - 23/2137

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:
09.01.2023

Informasjon om politisk behandling - Klage på reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Det vert vist til klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad.

Kommunestyret fatta vedtak i møte den 24.11.2022 om å sende saka tilbake til Utval for areal, plan og miljø (APM) for ny vurdering da APM ikkje har tatt stilling til klagen.

«KO- 155/22 Vedtak:

Saken blir sendt tilbake til utval for areal, plan og miljø for ny vurdering»


Saka blei handsama i Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den **07.12.2022** med slikt vedtak:

«APM- 160/22 Vedtak:

Innstilling i APM - 07.12.2022:

Følgjande klager i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert tekne delvis til følgje.

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1. Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



*I føresegnene i eige punkt til dette føresegningsområdet skal det stå:
Innanfor føresegningsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggeplan leggjast vekt på følgjande:*

Alver kommune

· Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
· Tilkomsveg til naboegedomer gnr 118 bnr 2 og 11 må leggjast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følgje ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet. APM sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følgje, jf. punkta ovanfor. Revidert reguleringsplan skal gå via APM før kommunestyret får reguleringsplanen til slutthandsaming.

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følgje:

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79
4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3
5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga.
Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

APM gjorde i realiteten ei innstilling, som administrasjonen skulle utgreie og legge fram, før saka vert løfta tilbake til APM og KS for eventuelle formelle endringar i planen.

Saksframlegg til APM 18.01.2023 er vedlagt. Saka sine øvrige dokument finn dykk [her](#)
APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.
Neste møte for kommunestyret finn stad den **23.02.2023**

Møtet vert halde som fysisk møte på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvasnesvegen 40, 5914 Isdalstø med møterom Nordhordland. Møtet vert streama på Alver kommune TV, sjå [her](#)
Møtet er ope for publikum.

Møtestart er kl. 10:00

For å sjå møteinnkalling med sakspapir, gå til Alver kommune si heimeside, gå til politisk møtekalender, velg Utval for areal, plan og miljø og aktuell møtedato, sjå [her](#)

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Merethe Tvedt
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Harris Advokatfirma As Avd
Bergen

Liv Marit Hetlebakke Hope
Olav Kåre Tykhelle

Vestland Fylkeskommune
Øyvind Hope

Postboks 4115 5835
Sandviken

Litlåsvegen 72 5955
Mongstadvegen 5955
162a

Postboks 7900 5020
Litlåsvegen 72 5955

BERGEN

LINDÅS
LINDÅS

BERGEN
LINDÅS